



KVA SKJER I BYGLAND? September 2020



Byglandsnytt nr.13 - september 2020

	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
onsdag 02.09.	Årdal Skytterlag, skytebane på Senum	Kl.17.00	Storviltprøve/trening
	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	Bygdekinoen: Knerten og Sjøormen
	Bygland Jeger & Fiskarlag; Bjoren brygge	kl. 18.00	Barne/ungdomskveld for aldersgruppe 10 – 18 år
	Bygland Jeger & Fiskarlag; Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
	Bygdekinoen; kulturscene	kl. 19.30	Bygdekinoen: Tenet
fredag 04.09.	ProTestfestivalen 2020;	Kl. 18.00	Debatt om bygdedøden
	Bygland kulturscene	Kl. 20.00	Debatt om sårbarhet
laurdag 05.09.	Kyrkjene i Bygland; Austad/Tveit i Bygland	kl. 11.00	Konfirmasjon i Austad kyrkje
onsdag 09.09.	Årdal Skytterlag, Senum	kl. 17.00	Storviltprøve/trening
	Bygland Jeger & Fiskarlag, Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
sundag 13.09.	Årdal skytterlag; Vatnedalen, Grendi	kl. 10.00	Jaktfeltskyting
onsdag 16.09.	Årdal Skytterlag, Senum	kl. 17.00	Storviltprøve/trening
	Bygland Jeger & Fiskarlag, Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
onsdag 23.09.	Årdal Skytterlag, Senum	kl. 17.00	Storviltprøve/trening
	Bygland Jeger & Fiskarlag, Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
sundag 27.09.	Kyrkjene i Bygland; Sandnes i Bygland	Kl. 11.00	Gudsteneste i Sandnes kapell

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 1. oktober - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 28.09.
 Bygland kommune si heimeside er: www.bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Rådet for eldre og funksjonshemma: 14.09. kl. 12.00; Bygland ungdomsråd: 14.09. kl. 15.30; Formannskapet: 15.09. kl. 13.00; Plan, miljø- og ressursutvalet: 15.09. kl. 13.00; Kommunestyret: 24.09. kl. 13.00

Opningstider Bygland kommunehus

Publikumsmottak: måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00


Legkontor: Vanlege opningstider (sjå eige punkt)

NAV: tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00; rettleiingssentret på Bygland er ope for besøk utan avtale på torsdagar kl. 12.00-14.00.

Loggføring av besøk til kommunehuset


Bygland kommune har starta med å føre logg over alle som besøker kommunehuset. Bakgrunnen for dette er den pågåande situasjonen med Covid -19. Ein slik logg vil mogleggjere ei eventuell smittesporing om vi skulle få ein smittesituasjon på kommunehuset.

Vi ber difor alle besøkande om å skrive ned kontaktinformasjonen sin når dei kjem til kommunehuset. Vi brukar eit "skjema" for kvar besøkande, dette er på grunn av personvernet. Alle skjema vil bli makulert etter ei viss tid.



Samleside om koronavirus

For å redusere spreing av koronasmitte har kommunen igongsatt ulike tiltak. Eit viktig informasjonsverktøy er vår Samleside om koronavirus på Bygland kommune sin heimesida.



På denne sida finn du oppdatert informasjon om viruset, samt kva tiltak Bygland kommune gjer for å prøve å redusere belastninga på utsette tenester og funksjonar, og for å skåne menneske i risikogrupper. Vi oppmodar alle til å ta naudsynte forholdsreglar og følgje nasjonale råd og anbefalingar. Desse finn du på denne sida.

<https://www.bygland.kommune.no/samleside-om-koronavirus.531442.nn.html>

28. august: **Punkt frå møte i kriseleinga 28.08.20** Kriseleinga har jarnlege møte i samband med den pågåande Covid-19-situasjonen. Nedanfor finn du pun...

Forside / Snarveier / Samleside om koronavirus

Samleside om koronavirus

For å redusere spreing av koronasmitte har kommunen valt å igongsatte ulike tiltak. På denne sida finn du oppdatert informasjon om viruset, samt kva tiltak Bygland kommune gjer for å prøve å redusere belastninga på utsette tenester og funksjonar, og for å skåne menneske i risikogrupper. Vi oppmodar alle til å ta naudsynte forholdsreglar og følgje nasjonale råd og anbefalingar. Desse finn du på denne sida.

- 28. august 2020
Punkt frå møte i kriseleinga 28.08.20
Kriseleinga har jarnlege møte i samband med den pågåande Covid-19-situasjonen. Nedanfor finn du punkt frå møtet den 28.8.
- 27. august 2020
Informasjon til alle som reiser til Noreg
Helsedirektor Bjørn Guldvog ber alle reisande om å bidra til å avgrense risikoen for smitte med Covid-19 inn til Noreg.
- 26. august 2020
Loggføring av besøkande til kommunehuset
Bygland kommune har starta med å føre logg over alle som besøker kommunehuset. Bakgrunnen for dette er den pågåande situasjonen med Covid-19. Ein sli...

Informasjon til alle som reiser til Noreg

Helsedirektør Bjørn Guldvog ber alle reisande om å bidra til å avgrense risikoen for smitte med Covid-19 inn til Noreg.

Norske helsemyndigheiter rår at dei som har symptom eller mistenker at dei har vore i kontakt med smitte, og dei som har besøkt raude land, lar seg teste for Covid -19 når dei kjem tilbake til Noreg.

Testen er frivillig, og gratis for den som blir testa. Testinga skjer ved testsenter på ankomststaden. Du kan vere smitta sjølv om testen er negativ. Difor gjeld karantene-reglane uansett.

Dersom du kjem frå land der ein krev karantene, må du altså vere i karantene sjølv om du tar testen.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Forskjellig

ProTestfestivalen 2020

Nordens verdifestival – MOT likegyldighet FOR engasjement



Program Bygland 4. september 2020 på Bygland kulturscene

kl. 18.00: Debatt om bygdedøden

kl. 20.00: Debatt om sårbarhet

kl. 18.00: Debatt om bygdedøden

Bygde-Norge døyr. For mange kommunar har døden gått føre seg lenge. Kva skal til for å få livet på bygda til å fengja?

Debattantar:

- **Kaisa Kepsu**, finsk samfunnsanalytiker. Ekspert på migrasjons- og befolkningsspørsmål, minoritetar, stadutvikling og statistikk
- **Sigurd Haugsjerd**, redaktør Setesdølen
- **Jørund Kvaale Hansen**, lokal bonde
- **Gry Fuglestevit**, ordførar Notodden
- **Reidar Almås**, forskar og professor i bygdesosiologi
- **Jon Rolf Næss**, ordførar i Bykle, som satsar på kultur mot fraflytting

Debatteiar: **Jon P. Knudsen**

kl. 20.00: Debatt om sårbarhet

Har Noreg stolt seg blind på at olje og rikdom vil sikra oss? Har korona-krisa blottlagt vår sårbarhet og avhengnad av verda rundt oss?

Debattantar:

- **Kaisa Kepsu**, finsk samfunnsanalytiker. Ekspert på migrasjons- og befolkningsspørsmål, minoritetar, stadsutvikling og statistikk
- **Reidar Almås**, forskar og professor i bygdesosiologi
- **Kathrine Kleveland**, leiarar Nei til EU
- **Per Olaf Lundteigen**, stortingsrepresentant for Sp
- **Svenn Arne Lie**, statsvitar og forfattar av "Ein nasjon av kjøttthuer"
- **Yngve Årøy**, fylkesberedskapssjef i Agder

Debatteiar: **Camilla Høy**

Billettpris Agderprotest, Bygland: kr. 200 ; www.ticketmaster.no

Jaktfeltskyting

Årdal skytterlag arrangerer jaktfeltskyting i Vatnedalen, Grendi, søndag 13. september. Påmelding kl. 10.00 – 12.00. Klasse junior og senior (kr.200/250). Følg merking frå Årdal kyrkje. Kontakt: Oddvar Omnes / Sveinung Svenningsen

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Film 2: kl. 19.30 – Tenet

OMTALE

Ein ny actionfylt film frå regissør Christopher Nolan (Batman trilogy, Dunkirk) som omhandlar både internasjonal spionasje, tidsreiser og evolusjon. Filmen er innspelt i ei rekke land, mellom anna i Noreg på Tjuvholmen og taket av operahuset i Oslo.



BILLETTPRIS: 120 kr

FILMFAKTA:

Regi: Christopher Nolan

Språk: Engelsk; Produksjonsår: 2020; Nasjonalitet: USA

Skodespelarar: John David Washington, Robert Pattinson, Elizabeth Debicki, Aaron Taylor-Johnson

Sjanger: Action / Drama / Thriller; Lengde: 2t. 30min.

Aldersgrense med grunngiving: 12 år.

Filmen har fleire scener med actionpreget vald og nedskytingar. Då desse er lite nærgående får filmen 12-årsgrense

Tømekalender for Bygland kommune – september 2020

Papir og plast: veke 37: tysdag 08.09.

Matavfall og glass/metall: veke 37: torsdag 10.09.

Matavfall og restavfall: veke 39: torsdag 24.09.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: open kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.09.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (26.09.)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (12.09.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 13:

Bilete: Framside: Kjersti Plathe, Innhald: Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Geir Daasvatn, Anne Fauske, Bygdekinoen. Kva skjer: Liv Elin Frøysnes Berg. Tusen takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Jorunn Sørлие Tveiten

Neste utgåve Byglandsnytt: 01. oktober 2020

Redaksjonen i Byglandsnytt ønskjer alle ein god haust! 😊

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Svar på testen vil vere klart seinast innan 3 dagar. Dersom testen viser at du har Covid -19, vil du bli kontakta og fulgt opp av helsetenesta i kommune der du bur, eller oppheld deg som turist. Difor er det naudsynt at du oppgjev bu- eller opphaldsstad med adresse og telefonnummer.

Der er ikkje kapasitet til å gi ut alle negative prøvesvar. Dersom du ikkje har høyrte noko i løpet av 3 dagar, betyr dette at testen din er negativ.

Dei som er fast busette i Noreg kan likevel finne testsvaret på Min side, www.helsenorge.no. Reisande som ikkje er busette i Noreg, vil i ein del kommunar få tilsendt ei påloggingslenke på SMS. Det er ikkje tilbod om support ved innloggingsproblem. Alle som får påvist Covid -19, blir kontakta av helsetenesta og fulgt opp.

Testsenteret tilbyr kun test. Kontakt lege om du føler deg sjuk. Personar busette i Noreg kontaktar fastlege eller legevakt. Reisande som bur i andre land skal ta kontakt med legevakt på telefon 11617, om dei blir sjuke. Testsenteret må prioritere kven som blir testa, dersom mange ønskjer å bli testa samstundes. Personar med tegn på sjukdom, eller som veit at de har vore i kontakt med andre med Covid -19, vil bli prioritert.

Takk for at du lar deg teste!

Meld frå om du er i karantene!

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen. Slik gjer du:

Ha klart følgjande informasjon:

- Kor har du vore?
- Kva tid kom du tilbake til Noreg?
- Navn, alder, kjønn, telefonnummer
- Har du symptom?



Bakgrunnen for at vi ønskjer denne informasjonen, er for å kartlegge behovet for naudsynte helsetiltak framover i tid.

Vi ønskjer fortrinnsvis beskjed på e-post, men er og tilgjengelege på telefon.

E-post: jorunn.tveiten@bygland.kommune.no

Telefon (i tida 08:00 - 14:00): 911 10 075

Vi gjer merksame på at dette telefonnummeret kun er for registrering av karantenetilfelle. Det er ikkje muleg å få svar på medisinskfaglege spørsmål!

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Pleie og Omsorg

Legekantoret i Bygland er på kurs 23. og 24.09.

På grunn av kurs **23./24. september**, vil Evje legesenter ha all øyeblikkeleg legehjelp for Bygland legekantor; **telefon Evje legesenter: 37 40 79 00**



Treng du akutt hjelp: ring 113

Bygland legekantor er bemanna med legesekretærer desse dagane.

Bygland legekantor – vanlege opningstider og legevakt

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Tlf. 37 93 47 30

Fax. 37 93 47 31

Byglandsfjord legekantor

Senumsvegen 994 A, 4741

Byglandsfjord

Tlf. 37 93 47 30

Fax. 37 93 52 42

Bygland legekantor

måndag	09.00 – 15.00
tysdag	09.00 – 15.00
onsdag	stengt
torsdag	09.00 – 15.00
fredag	stengt

Byglandsfjord legekantor

onsdag	09.00 – 15.00
fredag	09.00 – 15.00

Legekantoret på Bygland/Byglandsfjord har legevakt frå 08:00 - 15:30 på kvardagar. Tlf: **37 93 47 30**

Kommunane Bygland og Evje og Hornnes har felles legevakt frå 15:30 - 23:00 og frå 08:00 - 23:00 i helg og på heilagdag. Etter klokka 23:00 er det Arendal legevakt som har vakt: **tlf 116 117**

Du får då kontakt med ein sjukepleiar som tek kontakt med legen dersom du treng tilsyn av lege. Legen som er på vakt vil etter avtale møte deg på Evjeheimen legekantor eller på Bygland legekantor. Dersom legen meiner det er nødvendig, kan og heimebesøk vere aktuelt.

Du kan bestille time hjå legen via SMS/internett på www.legeisetesdal.no

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Meir om tilbodet:

Tilbodet er til personar i alle aldrar som har auka risiko for, eller allereie har utvikla sjukdom.

Kurset vil gje deg kunnskap om målet med å trene styrke og uthald.

Verkemidlar for å finne og auke motivasjonen til å gjennomføre trening.

Kurset vil og ha ein praktisk del der vi går gjennom ulike øvingar og tilpassar desse individuelt

Temaer:

- Naturen som arena for god helse
- Fysisk og psykisk effekt av fysisk aktivitet
- Forskningsbasert motivasjonsmodell
- Balanse
- Styrke

Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – onsdag 02.09., Bygland kulturscene

Film 1: kl. 17.30 – Knerten og Sjøormen

OMTALE

I den nye filmen om Knerten (300 ½ år) og Lillebror (7) får vi vere med på den beste sommarferien i verda på den magiske sommarøya til Tante Thea, og vi blir kjente med Eddy (8) og den sjølvutnemde sjøormeksperten Blegen (omkring 40), som treng hjelp til å finne ein sjøorm som blei observert i Fjorden.

BILETTPRIS: 100 kr

FILMFAKTA

Regi: Tove Undheim

Språk: Norsk; Nasjonalitet: Noreg; Produksjonsår: 2020

Skodespelarar: Espen P. A. Lervaa, Filip M. Eide, Mia Ålvik, Anette Hoff, Silya

Nymoene, Silje Storstein, Sjur Vatne Brean, Kristoffer Olsen

Sjanger: Familiefilm /Barnefilm /; Lengde: 1t. 11min.

Aldersgrense med grunngiving: Tillate for alle.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Krisepakke for frivilligheita med søknadsfrist 15. september

Ei ny koronakrisepakke for frivillige lag og organisasjonar er klar. Formålet med ordninga er å kompensere frivillige organisasjonar som har betydelege inntektstap frå arrangement eller anna spesifisert aktivitet, som følgje av pålegg eller råd gitt av staten i samband med COVID-19-utbrotet.



Krisepakke 2 gjeld for perioden 12. mars til og med 31. august 2020. Søkarane må vere registrerte i Frivilligregisteret. **Søknadsfristen er 15.09.**

Ein kan søkje om:

- Tapte inntekter frå arrangement som skulle vore arrangerte i perioden (for eksempel tapte billettinntekter, inntekter frå loppemarknad eller kioskinntekter). Arrangement vil seie tidsavgrensa aktivitetar som er opne for alle medlemmene, besøkande, publikum og andre deltakarar i målgruppa.
 - Tapte billettinntekter frå annan spesifisert aktivitet i perioden (for eksempel museum, akvarium, kinoar eller idrettsanlegg).
- Anna spesifisert aktivitet vil seie tilbud i regi av frivillige verksemder som skulle vore opne for besøkande i den gjeldande perioden.
- Tapte utleieinntekter i perioden (utleige av bygningar og andre rom og lokale).
 - Tapte inntekter som følgje av at organisasjonen har mista oppdrag i tilknytning til eit arrangement eller anna spesifisert aktivitet.

Les meir på Lotteri- og stiftelsestilsynet sine nettsider. (<https://lottstift.no/ny-krisepakke-for-frivilligheita-2/>)

Motivasjonsforedrag – «Betre helse med fysisk aktivitet»

LMT (Lokalmedisinske tenester) Setesdal inviterer til frisklivskurs i Setesdal. Foredraget har ein praktisk og ein teoretisk del, og blir arrangert i Bygland og Valle. Kurshaldarar er Anne Fauske og Margit Smedsland.

Påmeldingsfrist: 1. oktober (Bygland) og 15. oktober (Valle)
Påmelding til: 379 34 700 (Sentralbordet i Bygland kommune)

Tid og stad:

Bygland kulturscene: torsdag 8. oktober, kl. 17.00-19.00
Valle Sæbyggjen: torsdag 22. oktober, kl. 17.00-19.00



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Økonomi og næring

Informasjon om overføring av skatteoppkrevjaroppgåver

Frå 1. november 2020 overtar Skatteetaten ansvaret for skatteoppkrevjaroppgåvene som kommunen har i dag.



Skatteetaten vil med dette få eit heilheitleg ansvar for fastsetting, innkreving og kontroll av skattar og avgifter. Etter denne datoen vil skatteoppkrevaren for Bygland ikkje lenger vere på Evje.

Meir informasjon vil bli lagt ut på <http://www.skatteetaten.no>

Oppgåvene som blir overført til Skatteetaten i november er m.a. behandling av restskatt, skattepengar til gode, tilleggsforskot, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, motrekning og utleggstrekk knytta til skattekrav, skatteattestar og konto-/saldoutskrift for skatt og avgift.

Oppvekst

Testkriteria for koronavirus

Her finn de viktig informasjon om testkriteria for koronavirus.

På folkehelseinstituttet sine sider står det følgjande:

"Følgende bør testes:

1. Alle med akutt luftveisinfeksjon eller andre symptomer på covid-19
2. Alle som har vært utsatt for smitte med covid-19, enten som nærkontakt eller etter reise i land eller region med høy forekomst de siste 10 dagene*
3. Andre grupper etter vurdering av lege.
4. Alle som selv mistenker at de er smittet av covid-19, bør få anledning til å teste seg.

*Barn har en mindre rolle i smittespredning av Covid-19 enn voksne, og testing av barn i barneskole- og barnehagealder uten symptomer vil derfor være av mindre betydning. Test kan likevel gjennomføres etter ønske og i samråd med foreldre/foresatte"


Heile dokumentet med utdjupande informasjon finn du på:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/testing-og-oppfolging-av-smittede/testkriterier/>

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Folkehelseinstituttet har utarbeidd eit flytskjema kalla: "Flytskjema for covid-19-testing ved symptomer", sjå skjema under. Det gir ei god oversikt over korleis ein skal forhalde seg ved nyoppstått luftveisinfeksjon eller andre symptom på covid-19.

Flytskjema for covid-19-testing ved symptomer



* Barn i barneskole- og barnehagealder som kun har rennende nese og ellers er i god allmenntilstand, behøver ikke holde seg hjemme.

** Barn i barneskole- og barnehagealder med lette symptomer, kan se an hjemme et par dager før eventuell test. Ved rask bedring kan de gå tilbake til skole/barnehage uten at testing gjennomføres.



Oppdatert 2020-08-26

Kyrkjene i Bygland

Gudstenester

sundag 27.09. kl. 11.00 Sandnes kapell, Sandnes

Konfirmasjon

laurdag 05.09. kl. 11.00 Austad kyrkje, Tveit
Konfirmasjonsgudstenesten er berre for inviterte



Kyrkjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711,
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

Bygland Frivilligsentral

Aktiviteter på frivilligsentral ift covid-19

Etter tilråding frå kommuneoverlege, er me bedne om å halde ei restriktiv linje på Frivilligsentralen. Det har vore ei smitteoppblomstring. Difor vel me å halde igjen på ein del aktiviteter. Dette er for å vere på den sikre sida.

Me fortset med **matutkøyring**.

Me fortset med å halde **Utstyrsentralen** open. Her har me gode rutinar som hindrar smittespreiing. **Telefon Utstyrsentralen: 945 02 858**



Andre aktivitetar i sentralen har me eit opphald i. Me vil få ny vurdering i starten av oktober. Dette gjeld:

- Bingo
- Bygdemiddag
- Cafear
- Gåtur på dagtid
- Arbeidslivs-fag-hjelp heime
- Styrketrening
- Tepebowl
- Spillkveld
- Laurdagsklubb

Dette er svært leit, men Covid 19 gjer at ein må take forhandsreglar.

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral

tlf.: 945 10 770 - Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no